DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sveio

MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

Dato:	12.11.2026 kl.19.00.
Desse møtte:	Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannessen, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Leiv Rossehaug,Arild Steinsland, Sigrund Breistig,
Fråvær:	Anne Vierdal, Astrid Yasmin Furdal, Rikard Stokkenes, Lars Edvart Larsen, Lars Severin Reiersen
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

Arild Steinsland hadde ord for dagen som start på møtet.

SR 62/26	**Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden** Opprop blei gjennomført. Merknader til innkalling: Ingen Følgjande saker blei meldt til eventuelt: Etterlysing frå prest Finare gudstenestehefte. Sveio soknehus som evakuering-og pårørande senter i Sveio kommune. Brannrunde **Vedtak:** Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 70//26.
SR 63/26	**Godkjenning av referat frå møtet** **Vedtak:** Soknerådet godkjenner referatet .
SR 64/26	**Gudstenester sidan sist (orientering)** **Formål:** Ei av soknerådet sine oppgåver er å sjå til gjennomføringa av gudstenesta. (Denne gong gjeld det gudstenester etter 15.okt) 25.okt.: Prest Egil Larsen. Tre dåp. 1.nov.: Allehelgensdag: Prest Egil Larsen. 8.nov: Prest Reidar Ådnanes. Gr 3 kyrkjevert. Berre 22 til gudsteneste. Fine gudstenester, mykje folk på allehelgensdag.
:SR 65/26	**Utvalsmøte sidan sist (orientering)** **Formål:** Få ei forståing av kva utvala i soknerådet jobbar med. **Kyrkjeleg fellesråd** hadde møte 28.oktober. Økonomi: Kan sjå ut som om overforbruket blir noko mindre enn forventa, men framleis usikkert. Gravplassen ved Sveio kyrkje: Alle lys langs vegane er venta og koma i orden snart. (Fått midlar etter søknad eksternt). God dugnadsgjeng som arbeider etter plan og i samarbeid med uteansvarleg. Svært positivt.

	Minnelund: Plan om møte med landskapsarkitekt. Bør vera klar til våren. Krev ekstern finansiering. **Koordinator for kyrkjevertgruppene:** Går greitt, men det er ei utfordring at gudstenestelista framleis ikkje er klar **Utval for kyrkjeleg undervisning og læring KUL** Har ikkje hatt møte sidan sist. **Diakoniutvalet: Skulle hatt møte 10.11, men avlyst pga av sjukdom** **Gudstenesteutvalet:** Fleire år sidan utvalet har hatt møte. Det er ikkje aktuelt med oppstart av utvalet før ny soknepresten er på plass i vårt sokn. Kan det vera aktuelt å ha felles gudstenesteutval med soknerådet i nord. Soknerådsleiaren vil høyra med soknerådet i nord og Trude prest om det kan vera aktuelt med eit felles gudstenesteutval.
SR 66/26	**Orientering om utlysinga av ny soknepresten i Sveio** Orienteringssak Prosten orienterte. Ingen søknadar til stillinga då søknadsfristen gjekk ut. Vikarprestane som nå blir nytta til å ha gudstenester, er godt kjende i soknet, og det fungerer veldig bra. Tidlegare soknepresten i Sveio, V.Sinnes, har sagt ja til å ha gravferder.
SR 67/26	**Oppnemning av nominasjonskomité for Kyrkjevalet 2027** Orienterings-/vedtakssak Kyrkjevalet 2027 blir gjennomført digitalt i perioden 10. august – 13. september. Fellesrådet har ansvar for å organisere røysting ved oppmøte, mens soknerådet har ansvar for godkjenning av lister, kunngjering og mobilisering av veljarar. Soknerådet skal velja ein nominasjonskomité, med minimum 3 medlemmer. Listeforslaget skal vere klart seinast 15. april 2027. Leiar hadde etter ein ringerunde forslag til medlemmer i nominasjonskomité **Vedtak:** Sveio sokneråd oppnemner nominasjonskomiteen for kyrkjevalet 2027 med følgjande medlemmer: Rune , Bent Rune Sinnes, Ragnhild Lysen, og Anne Nes Emberland som assosiert medlem.
SR 68/26	**Juletrefesten januar 2027** Orienteringssak Juletrefesten blir onsdag 30.desember kl.17.00 Komiteen knyter til seg medlemmer etter behov. Rune og Anne er i komiteen.
SR 69/26	**Møteplan for våren 2027** *Vedtakssak* **Soknerådet vedtok møteplan som følgjer:**

	Onsdag 13. januar klokka 17-19 Torsdag 11. februar klokka 19-21 Torsdag 11. mars 19-21 Torsdag 15. april klokka 19-21 – Fellesmøte med Valestrand og Førde? Torsdag 20. mai klokka 19-21
SR 70/26	**Eventuelt (**Saker som blei meldt i sak SR 62/26): **Vikarprestar.** Ein av vikarprestane har etterlyst ei rutine for kva vikarprestane skal gjera. Arild tar ansvar for dette. **Slitne gudstenestehefte**: Skal me laga eitt felles for alle typar gudstenester? Blir sak på neste møte. Arild og Leiv førebur saka. **Soknehuset til bruk for andre** Sveio kommune ønskjer å nytta soknehuset som evakuering-og pårørandesenter i kommunen ved uønska hendingar og/eller større kriser. Vidare er det spørsmål frå Gjermundshaugen bhg om dei kan samla barn for henting av føresette i soknehuset om ei hending eller ei krise skulle gjera det nødvendig å evakuera frå barnehagen. Soknerådet støttar at Sveio kommune og Gjermundshaugen bhg kan nytta soknehuset som skissert ved uønska hendingar eller kriser. Om kyrkja samstundes skulle vera utilgjengeleg (f.eks som følgje av flaumskade, brannskade eller liknande), må soknehuset kunne nyttast for kyrkjelege handlingar. Soknerådet ber elles om at styret for soknehuset utarbeider skriftlege avtalar med kommunen og Gjermundshaugen bhg. **Brannrunde:** Blei det oppdaga tilhøve under brannorienteringa til soknerådet som bør rapporterast til kyrkjeverja? Dette var ikkje eit branntilsyn og det vil såleis ikkje bli utarbeidd noko rapport etter denne orienteringa. Det kan likevel nemnast at ei planteikning av kyrkja som heng ved hovuddøra som går frå våpenhuset til kyrkjerommet er gammal og fort blir skjult av døra som går inn til barnesakristiet. Soknerådet ønskjer i tillegg oppslag som syner kva ansvar og roller dei ulike aktørane i ei gudsteneste (prest, organist, kyrkjetenar, klokkar og kyrkjevertar) skal ha om det blir brann eller andre uventa hendingar oppstår.
SR 52/26	**Møtekritikk:** Ingen merknader

Sveio, 13.10.26

Solfrid Lier Habbestad
-sekretær-